



Referat frå styremøte - Seljord Idrettslag 04.04.2016

Til stades: Tellef Solås, Hans Inge Hagen, Adle Helen Tveiten Øya. Handballgruppa v. Tone Langesæter, Ridegruppa v. Gunn Helga Vindfjell (ref), Skigruppa v. Terje Øverland, Friidrettsgruppa v. Inge Nilsen og A-laget v. Øyvind Oland,

Forfall: Randi Øygarden, Fotballgruppa og sykkelgruppa.

Sak 14/16 Gjennomgang av referat frå sist styremøte

Referat gjennomgått og godkjent. Utstyrspakkene som fotball gruppa har seld har hatt god respons. Alt er betalt.

Sak 15/16 Presentasjon av SIL i kommunestyremøte 7 april

Tellef skal gå igjennom følgende på kommunestyremøte:

1. Medlemstal i SIL
2. Litt fakta om Dyrsku. SIL har 800 mann i arbeid
3. Sponsorane til SIL
4. Raudkleiv. Vise det ferdig anlegget på teikningar
5. Kunstgras og friidrettsbane
6. Økonomistatus
7. Budsjett. Halvparten av SIL sitt budsjett går til drift av anlegg. Dette bør komme godt fram på møte.
8. Årsmøte vedtak 2016
9. Planar og behov i 2017

Sak 16/16 Forslag til regelverk for bruk av facebook

Hans Inge vil at undergruppene lagar ein oversikt over dei ulike facebook gruppene dei administrerar, og sender den oversikten til han. På den måten vil det bli lettare og lage eit regelverk som fungerer.

Sak 17/16 Plan for barneidrettsskule og ungdomidrettsskule

Barneidretten blir utvida med ei aldersklasse 11-12 år. Oppsettet for 2016/2017 blei gjennomgått. Plan for å starte rett etter Dyrskun. Dette må avklarast med Seljord folkehøgskule. Ungdomidrettsskulen blir på fredager frå 15-18. Aldersgruppene her vil vere frå 13-19 år. Her er det viktig at vi legger opp til at dei skal gjennom tre ulike idrettar for å få støtte til prosjektet.

Sak 18/16 Status årshjulet

Årshjulet blei gjennomgått. Hans Inge har sendt ut treningsgebyr for skigruppa, men det er viktig at undergruppene får ein betre oversikt over medlemene sine i Klubb Admin. Dette vil lette arbeidet for Hans Inge. Det vil bli gjennomført eit internt kurs i Klubb Admin med Hans Inge og Svanhild. Innkalling kjem denne veka. Det må sjekkast om gruppa "litt i lufti" er medlem av SIL, dersom ikkje må det diskuterast om det skal vere eit krav for at dei skal få bruke Raudkleiv.



Sak 19/16 Gjennomgang av handlingsplan og rapport fra undergruppene

- Handlingsplanen blei gjennomgått. Undergruppene er godt i gang med dei ulike måla dei har sett seg.
- Fotballgruppa skal arrangere fotballskule på Eventyrøy i august med engelske trenerar.
- Ridegruppa sjekkar opp regelverk i forhold til treningsgebyr.
- Handballgruppa er snart ferdig med sesongen og er svært fornøgd med resultata.
- Skigruppa er også snart ferdig med sesongen og vil ta fatt på oppgåvene med å skaffe trenerar.

Sak 20/16 Samordnet rapportering

Tellef viste oss litt om rapporteringen via Sports Admin. Kva for informasjon ein skal /bør legge inn her om dei ulike gruppene. Fortsatt litt usikkerhet i forhold til dette med tilgangar. Vil bli gjennomgått på kurskvelden til måndag. Hans Inge sjekkar dette. Hans Inge har også oppretta eigne epostadresser til alle undergruppene. Desse vil bli tilgjengelege fortløpande.

Sak 21/16 Ymse

Handball gruppa ville søke støtte av Hovdustyret i SIL til å sende medlemmer på Hykkjerud handballskule. Forslaget blei nedstemt, då det er årsmøtevedtak i Organisasjonsplanen på at undergruppene må sjølve dekke dette innanfor sitt budsjett.